

## Kommunestyret har behandla sak 107/2023 i møte den 15.11.2023

### Behandling

- Knut Einar Haug (H) gjekk frå som inhabil med heimel i Forvaltningslova §6 b). Frøydis Halleseth Øygard (H) tok plass i hans stad.
- Tor Olav Tveito (H) gjekk frå som inhabil med heimel i Forvaltningslova §6 a). Kolbjørn Opheimsjorde (H) tok plass i hans stad.

25 representantar behandla saka.

Saksordførar Hedvik Johanne Rud (Ap).

### Framlegg frå Marit Sehl (SV):

Ål kommunestyre vedtek å stoppe planarbeidet for Detaljregulering Rosengardshovda Sør, for å ta på alvor det viktige oppdraget Ål kommune har med å verne urørt natur mot nedbygging.

Framlegget om å stoppe planarbeidet vart debattert og røysta over før framlegget om å vedta planen vart teke opp til behandling.

### Votering:

Framlegget frå Marit Sehl (SV) om å stoppe planarbeidet fekk 2 røyster (1SV, 1V) og fall.

Framlegget frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs i møte 01.06.23, sak 56/23 vart deretter vedteke med 23 mot 2 røyster (1SV, 1V).

### Vedtak:

Ål kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovas §§ 12-12 og 12-14 Detaljregulering Rosengardshovda Sør, planID 2021001 med tilhøyrande føresegner og revidert utbyggingsavtale.

